

Søknad

Søknadsnr.	2019-0272	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Framtidsfylket Karrieremesser 2020			

Kort beskrivelse

Framtidsfylket AS søker støtte til å arrangere Karrieremesser i Oslo, Bergen, Trondheim i 2020. Målet er å synleggjere karrieremoglegheiter i region Sogn og Fjordane for unge vaksne under som er under utdanning eller etablererfasen.

Prosjektbeskrivelse

Prosjektet går ut på å planlegge og arrangere Karrieremesser i dei tre største byane i Norge, Trondheim, Bergen og Oslo.

I dette inngår Marknadskampanje og messeproduksjon.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Framtidsfylket AS Org.nr:992403896	Hafstadvegen 25 6800 FØRDE	99017852
Kontakt- person	Linda Hovland	Dalsvegen 166 6963 DALE I SUNNFJORD	99017852
Prosjekt- leder	Linda Hovland	Dalsvegen 166 6963 DALE I SUNNFJORD	99017852

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Tilskot til samfunns- og næringsutvikling

2018: Framtidsfylket karrieremesser 2019

2018: Kreativt konsept for å styrke Merkevara Framtidsfylket - ligg til behandling

2017: Framtidsfylket karrieremesser 2018

2017: Omdømme prosjektet, 2017

Kommunalt Næringsfond for Jølster, Førde, Gaular og Naustdal

2018: VestLAN

Spesifikasjon

Bakgrunn

Sogn og Fjordane har sidan 2007 organisert egne fylkesdekkjande karrieremesser i studiebyane Trondheim, Oslo og Bergen. Målsettinga har vore å vise fram karrieremoglegheitene i arbeidslivet i Sogn og Fjordane. Responsen har i alle år vore bra, og messene er innarbeid som ein viktig møteplass mellom studentar, nyutdanna og næringslivet vårt. Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan oppstart vore ekstremt viktige støttespelar. Framtidsfylket er særst takksam for både økonomisk støtte og engasjement. Begge deler er, og har vore, heilt naudsynt for suksess.

Marknad

Dei seinare åra har messene i Bergen og Trondheim halde seg stabilt i storleik, medan messa i Oslo ikkje har vore like enkel å rekruttere publikum til. Studentane er også meir selektive til kva messer ein går på. Det må ha fagleg relevans for dei. Messa i Bergen står seg som den største. Fleire bedrifter rapporterer om at ein møter komande arbeidstakarar på messene. Karrieremessene er også viktige å sjå i samanheng med at Framtidsfylket Trainee har vakse til å bli det største regionale traineeprogrammet i Noreg der messene er eit viktig møtepunkt mellom potensielle trainear og bedriftene.

Rekrutteringsstrategi

Om ein kiker til ein av dei viktigaste rekrutteringstrategiane i 2018 (kjelde: TU Jobb) så er det å bygge nettverk til folk som nødvendigvis ikkje er på jobb jakt avgjerande. Dette må skje både digitalt og fysisk. I denne samanheng er messene eit av dei viktigaste verktya vi har. Sogn og Fjordane viser att i både Bergen, Trondheim og Oslo om ein ser dette i eit lengre perspektiv.

Det er utfordrande å navigere karrieremessene til rett form for 2020. I planleggings- og produksjonsfasen er vi i ein overgang frå Sogn og Fjordane fylke til å bli ein region i Vestland. Sogn og Fjordane opphøyrer og vi ser ei vridning til at regionane og dei nye kommunestrukturane festar seg som viktige strategiske samarbeidspartar i dei nye bu- og arbeidsområda.

Vi må planlegge og produsere messene i ein periode der vi ikkje er i mål med å stake ut vegen for Framtidsfylket inn i Vestland. Søknadsfristen til Sogn og Fjordane fylkeskommune kjem også litt tidleg i denne samanheng. I det gjeldande mandatet til Framtidsfylket er vårt nedslagsfelt noverande Sogn og Fjordane.

Framtidsfylket meiner at det i denne overgangsfasen meir enn nokon gong er viktig å synleggjere karrieremoglegheitane i regionane våre, i dei tre største byane i landet.

Prosjekt mål

Målsettinga er å gjennomføre 3 karrieremesser for synleggjere karrieremoglegheiter i region Sogn og Fjordane til unge vaksne som bur utanfor fylket, for å auke tilflyttinga til fylket.

Delmål

1. Å samla vise breidde og variasjon i arbeidsmarknaden i fylket. Vise fram dei mange moglegheitene som finnest.

2. Å synleggjere den skaparkrafta, dei innovative bedriftene og offentlege organisasjonane i regionane.
3. Å fortelle historia om verdival menneska, bedriftene, kommunane gjer som skapar gode bu- og arbeidsmiljø.
4. Å skape ein nettverksarena for næringslivet i regionen, utanfor eiga stovedør.

Forankring

Messene er forankra i samarbeid med kommunar, næringsliv, regionar i fylket.

Prosjektorganisering

Framtidsfylket AS er prosjektleiar og ansvarleg for både økonomi og gjennomføring. Vi har det administrative arbeidet for å planlegge dette.

Samarbeidspartnere

Vi ønskjer å jobbe tett saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune og regionane, Kunnskapsparken og kommunane, utviklingsselskap og næringsliv slik at alle har eigarskap til korleis vi profilerer fylket.

Aktivitetar

Arrangementa i 2020

I prosjektet inngår planlegging, gjennomføring av 3 messer og rapportering

Planlegging og produksjon av marknadskampanjen og arrangementa går parallellt frå september

Marknadskampanjen for Oslo må gjennomførast særskilt sidan messa kjem seinare på året.

Planlegging og gjennomføring av messa i Oslo vil også skyvast ut til mai/juni 2020.

Marknadskampanje og kommunikasjon

Vi har stort fokus på å nå fram til målgruppa, og vi har etterkvart opparbeidd god erfaring på dette området. Evalueringa vår viser at sjølv om vi kjøper annonseringstenester, så er det sosiale medium, eigne e-postlister og «jungeltelegrafene» som er aller viktigast i lag med studentorganisasjonane på dei enkelte studiestadane. Vi profesjonaliserer bruken av sosiale media og skreddersyr kampanjen opp mot messene.

Mobilisering internt i heile fylket er viktig for resultatet med tanke på deltaking av bedrifter, og spreiding av invitasjonar i nettverk. Vi jobbar heile tida for å skape ei brei forståing hos verksemdene i Sogn og Fjordane om at karrieremessene er "deira arrangement".

Karrieremessene og Framtidsfylket sitt arbeid elles er fortsatt viktig samhandlingsprosjekt for profilering av og tilflytting til fylket vårt.

Bodskapet i kommunikasjonen er ikkje heilt ferdig planlagt, men det vil handle om at ved å flytte til våre regionar så tek ein eit verdival. Eit val om å gjennom jobb og levesett bidra til å løyse morgondagens utfordringar innan t.d. FN berekta mål. Dette opptek unge meir enn nokon gong og vi trur at vi i vår del av landet har føresetnader for å ta ein posisjon innan rekruttering på dette feltet.

I tillegg til direkte innsalskampanje så vil vi også bruke mykje tid på historiefortelling gjennom å vise til dei mellommenneskelege faktorane som gjer bedrifter og offentlege organisasjonar til spennande og berekraftige arbeidsplassar og knyte dette til marknadskampanjen for messene.

Dette vil få fokus i større redaksjonelle artiklar i vår synleggjering av kvalitetane i regionane som vel å delta.

Vi deler desse i ulike digitale flater og andre utvalde medium direkte mot målgruppa vi skal nå. Vi nyttar både tekst, bilder og film som verkemiddel i våre kanalar.

Gründermulegheitene i region Sogn og Fjordane er viktig å løfte fram, og vi ønskjer å tilrettelegge for dette på karrieremessene slik vi har gjort tidlegare. Det er viktig at vi i Sogn og Fjordane- regionen, marknadsfører kva fordelar ein har ved å etablere seg i fylket vårt.

Trondheim og Bergen 2020

Messene 2020 blir meir spissa i forhold kva fagområde og bransjar som hentar studentar frå den enkelte by. Dette er basert på at vi fekk tilbakemelding om at standhaldarane ønskjer større meirverdi enn det ein føler ein oppnår slik det har vore dei siste åra.

Vi legg opp til at vi i framkant av messene får konkrete innspel frå arbeidslivet på kva kompetanse dei er på jakt etter for så å henvende oss direkte til dei fakultet og studentorganisasjonane som er relevante. Dette for at bedriftene kan booke intervju med jobbkandidatar i framkant av messene. Intervjua vil finne stad same dag som messene.

Vi får vært gode tilbakemeldingar frå deltakarane på messene og spesielt på seminardelen. Vi endrar seminardelen i 2020, på den måten at vi skreddarsyr innleiarane frå bransjar etter dei fagretningane som er mest framtreddande på den enkelte studiestad. Det blir litt ferre foredrag og meir tid til mingling på stands. Kulturinnslag blir spreidd ut over heile arrangementet og mindre framtreddande enn ved dei siste messene.

Sist, men ikkje minst legg vi til rette for ein nettverksarena med god mat og drikke for alle standhaldarane på messa i Bergen.

Denne nettverkssamlinga er populær og også ein viktig arena for å bygge kjennskap på tvers av bedrifter.

Vi har stort fokus på å nå fram til målgruppa, og vi har etterkvart opparbeidd god erfaring på dette området. Evalueringa vår viser at sjølv om vi kjøper annonseringstenester, så er det sosiale medium, egne e-postlister og «jungeltelegrafene» som er aller viktigast i lag med studentorganisasjonane på dei enkelte studiestadane. Vi profesjonaliserer bruken av sosiale media og skreddarsyr kampanjen opp mot messene.

Mobilisering internt i heile fylket er viktig for resultatet med tanke på deltaking av bedrifter, og spreiding av invitasjonar i nettverk. Vi jobbar heile tida for å skape ei brei forståing hos verksemdene i Sogn og Fjordane om at karrieremessene er "deira arrangement".

Programmering

Deltakarane kjem ikkje lenger ved messestart og blir til slutt. Dei er meir målretta og opptatt av kva bedrifter/org som har ein karrieremoglegheit å tilby. Når dei har fått snakka med relevante bedrifter så forlet dei messene. Det betyr at programmet må leggest til rette på ein litt anna måte enn tidlegare, både når det gjeld seminar og når det gjeld underhaldning.

Oslo 2020

Vi har m.o.a har sett gjennom traineesøknadane og digitale kommunikasjonsflater at Oslo er mykje viktigare enn først antatt. Søknadane til traineeprogrammet 2019/2020 har hatt ei auke i søkarar frå Osloområdet i forhold til 2018 når det ikkje vart karrieremesse der.

Vi har vore i dialog med Fjord1 om å nytte ein av dei heilelektriske båtane som arena i hovudstaden. Dei får levert ein båt i 2020 som skal gå i Oslofjordbassenget, noko som gjer det økonomisk løysande for oss å nytte den som lokalitet. Vi trur at dette kan løfte arrangementet og at vi kan dra synergieffektar på fleire område av å nytte båten som arena:

1. Båten i seg sjølv er ein attraksjon,
2. Vi kan styre kommunikasjonen mot våre bedrifter som er fremst i verda på berekraftige løysingar innan fleire bransjar.
3. Med ei karriere i vår region kan ein vere med å utvikle morgondagens berekraftige løysingar

Innhald og ramme som dei andre messene, men vi vil måtte sette eit tak for tal bedrifter.

Dato for messa er litt avhengig av når Fjord 1 får

Målgrupper

Målsetninga er å synleggjere karrieremoglegheiter i region Sogn og Fjordane til unge vaksne for å auke tilflyttinga til fylket.

Vi ønskjer nå unge under utdanning, nyutdanna unge og unge i etableringsfasen.

Sekundert skapar vi ein arena for nettverksbygging mellom arbeidslivet i regionane som tek del.

Resultat

Som resultat har vi forventingar på både kort og lang sikt:

Konkrete resultat i høve omdømebygging for fylket er vanskeleg å måle, men at desse messene bidreg positivt til profilering av fylket vårt er det lite tvil om.

Årleg når vi fysisk mellom 1000 – 1500 unge under utdanning eller i etablererfasen på messene

Ser vi på kvar den daglege digitale kommunikasjonen til Framtidsfylket når lengst, så er Oslo nr to etter Vestland, følgd av Trøndelag på 3. plass. Dette er ikkje tilfeldig og vi trur det har ein samanheng med langsiktig satsing på desse byane som arenaer for nettverksbygging. Hittil i år har vi ei auke på 41,60% brukarar på vår nettside, samanlikna med same periode i 2018. (tal henta frå Google analytics). Då er ikkje spreiding via sosiale medium tatt med. Det skuldast nok ikkje berre messene, men også fokus på målretta kommunikasjonsstrategi.

Kvar veke når vi ca 20 000 med gjennom vår digitale kommunikasjon retta mot arbeidsmarknaden.

1. Tilsettingar hos dei bedriftene som deltek
2. Større søkermasse til traineestillingane
3. Meir merksemd på moglegheitene i regionane som deltek

Effekter

1. Auka merksemd og kunnskap om moglegheitene i region Sogn og Fjordane
2. Auka stoltheit hos dei som kjem frå fylket
3. Auka tilflytting og merksemd i eit langsiktig perspektiv

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Bergen/Trondheim Planleggingsfase September 1019 - messestart

Marknadskampanje bedrift. Oktober 2019 - messestart

Marknadskampanje deltakar. 1. November - messestart

Messer:

Bergen: 4. februar

Trondheim: Slutten av januar

Oslo: September 2020 (i nærare samråd med Fjord 1)

Marknadskampanje bedrift : Mai/juni

Marknadskampanje deltakar: august - messestart.

Rapportering oktober 2020

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Administrative kostnader	455 000					455 000
Bergen, leige lokale + arrangement	450 000					450 000
Honorar (seminar, kulturinnslag)	150 000					150 000
Marknadsføring	335 000					335 000
Oslo, leige lokal + arrangement	200 000					200 000
Trondheim, leige lokale + arrangement	300 000					300 000
Sum kostnad	1 890 000					1 890 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Regionråda	240 000					240 000
Standleige	1 400 000					1 400 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	250 000					250 000
Sum finansiering	1 890 000					1 890 000

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Budsjett .pdf	48 521	01.09.2019
Søknad SFJ karrieremesser 2020.pdf	5 211 622	01.09.2019